

Vidar Lehmann
Søreidtræet 22
5251 Søreidgrend/
og
Eidavegen 561
5251 Ostereidet

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
03.09.2014	
Art. vesenr:	Lapenr:
Betshl.:	Tilgangskode:

Ostereidet 28/9 2014

Lindås kommune
Kulturkontoret
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Søknad om tilskot til utgjeving av boka:

HEIM

Ostereidet og grannelaget. Ei bygd i Nordhordland

Eg syner til tidlegare innsendt orientering om prosjektet.

Boka omfatar eldre og nyare soge og utvikling i Ostereidet og nærområdet, inkludert Askvik, Eidetræet og Storseter, pluss nokre element frå Stranda, Bjørsvik og Totland.

I tillegg til manus har eg tenkt å inkludera eit vedlegg med over 500 lokale stadnamn med forenkla kart, og vonaleg og eit opptrykk av bokheftet «Saa Maata», skrive av ei dansk offisersfrue, og som omhandlar kvardagskulturen i «Nordre Osterfjord» tidleg på 1700-talet. Stadnamnoversynet er nyleg levert Lindås kommune. Eg har òg samla over 300 foto, dels utlånt frå lokale album og samlingar, dels eigne foto og nokre få frå museum.

Råmanus er no klar, og er vedlagt. Eg ber om at det som enno utrykt vert handsama internt.

I og med at dei mest aktuelle foto enno ikkje er utplukka og heller ikkje teksta, finst det førebels få eller ingen tilvisingar til dei i teksten. For å unngå dublering vil tekstane stundom òg innehalda nyttig informasjon som ikkje står i råmanus.

Kapitlet om takk er heller ikkje skrive, for det er mest praktisk at ein ventar med det til mot slutten av prosessen. Dette er òg relevant for innhaldsoversynet. Difor finst dette enno berre som ei emneliste, men vil i sin tur bli vesentleg forenkla og omredigert.

Etter førebels og uforpliktande samtale med Jo Gjerstad i forlaget Bodoni, kan det antydast ein sluttkostnad på ca. kr. 200.000 for boka. Opplag og sal er enno ikkje sluttvurdert, men i utgangspunktet reknar ein ikkje med å få fortjeneste på salet, snarare tvert om. Skulle ein mot det ein ventar få overskot, vil det bli allokert til lokale kulturføremål.

Alle utgifter og arbeid har eg i dei siste to åra så langt ordna sjølv. Det nærast føretåande er no gjennomgang og revisjon av råmanus, utval, redigering og teksting av foto, justering mellom manus og foto og anna.

Sidan totalsummen gjeld ein større beløp og sidan ein helst må rekna med at det er eit «underskotsprosjekt», har eg sett føre meg at et eventuelt kommunalt tilskot kunne fordelast over to budsjettår, med ein mindre sum i 2014 og kanskje ein noko større neste år. Ein mindre sum i 2014 ville òg truleg gjera det det lettare å få aksept hjå eit forlag.

På grunn av desse tilhøva er det ikkje greitt å tilpassa søknaden til det skjemaet kommunen har for søknader.

Eg vonar likevel at søkanden kan bli vurdert, og tillet meg difor for året 2014 å søkja om eit tilskot på kr. 25.000.

I von om positivt svar,
Venleg helsing


Vidar Lehmann

Vedlegg: 1 Råmanus **HEIM**. Ostereidet og grannelaget. Ei bygd i Nordhordland
2. Persondata